

Rettleiing og brevmal- møte med bedrift- lærekandidat

Brevmal førebuing til møte med bedrift og lærekandidat

Viser til avtalt møte i bedrift dato *sett inn dato* klokka *sett inn klokkeslett*.

Vi ber om at de førebur følgjande til møtet:

- Kva mål frå læreplanen treng kandidaten opplæring i?
- Har de informasjon eller gjort ei vurdering om kor lang tid kandidaten treng for å nå måla?
- Kva skulegang/arbeidspraksis har kandidaten frå før i verksemda eller hos andre?
- Om og eventuelt kva individuell tilpassing kandidaten treng. Til dømes lærevanskar, utstyr, ressursar m.m.

Frå rettleiingstenesta kjem:

Sett inn namn og e-postadresse og mobilnummer.

Rettleiingsnotat til bruk i møte med bedrift og lærekandidat

Viktige samtaletema i møtet er:

Kva mål frå læreplanen er det realistisk at kandidaten oppnå?
Er måla forankra i eit reelt behov i arbeidslivet og gi grunnlag for varig arbeid?

I denne samanhengen er varig arbeid inntektsgivande arbeid. Det kan også vere mål om varig tilrettelagt arbeid (dekka av NAV).

Kva skulegang/arbeidspraksis har kandidaten frå før i verksemda eller hos andre?
--

Har bedrifta informasjon eller gjort ei vurdering om kor lang tid kandidaten treng for å nå måla som er sett for opplæringa, vurdert i 100% stilling?

Avklar oppstartsdato og eventuelt stillingsstorleik. Ved redusert stillingsstorleik vert læretida lengre i tid, men ikkje omfang.

Er det behov for individuell tilpassing? T.d. utstyr, ressursar m.m. Spør om kandidaten hatt kontakt med PPT eller andre?

Bedrifta kan få støtte frå RLT, til å laga den individuelle planen i vigo. Skriv inn følgjande tekst i den individuelle planen: <i>Ved oppmelding til kompetanseprøve, skal planen være oppdatert slik at kompetanseprøven blir tilpassa det kandidaten har lært.»</i>
--

Opplys bedrifta om anna relevant informasjon:

Kva skjer om kandidaten vil bli praksiskandidat seinare?

Dersom kandidaten kan oppnå fullt fagbrev og vil endre frå opplæringskontrakt til lærekontrakt, må det gjerast ei ny vurdering jamfør godskrivingsreglar. Lengda på læretida kan då bli endra. Sjå eiga rutine for godkjenning av lærekontrakt.